



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Telefon: 57643146
E-post: fmsfash@fylkesmannen.no

Vår dato
26.06.2013
Dykkar dato

Vår referanse
2009/3068 - 561
Dykkar referanse

Småkraft AS
Postboks 7050
5020 BERGEN

Småkraft AS - Løyve etter ureiningslova til dumping av sprengstein og utslepp av borevatn ved Lidal i Sogndal kommune

Vi viser til søknad datert 16.04.2013.

Småkraft AS har søkt Fylkesmannen om løyve til å dumpe 49 000 m³ sprengingsmasser og til å sleppe ut 30 000 m³ borevatn ved Lidal i Fjærlandsfjorden i samband med etablering av Lidal kraftverk.

Med heimel i § 11 og § 16 i Lov av 13.mars 1981 om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova), gjev Fylkesmannen i Sogn og Fjordane med dette Småkraft AS løyve til å dumpe sprengsteinmassar ved omsøkt lokalitet. Løyvet er gjeve med vilkår.

Løyvet gjeld frå d.d og inntil 2 år. Dersom tiltaka ikkje vert gjennomført innan denne tida fell løyvet bort. Alternativt må søkjar i god tid søkje om forlenging av løyveperioden.

Vilkår for løyvet

1. Dumping av sprengstein skal gjerast på ein slik måte at finpartikulært materiale og ureina massar i minst moglege grad vert spreidd til omgivnadene. Tiltakshavar står ansvarleg for å finne fram til den mest eigna metoden.
2. Dumpestad ligg i nasjonal laksefjord. Tiltaket skal gjennomførast om vinteren for å unngå dumping når det er laks i fjorden.
3. Dumpestad for sprengstein skal vere i samsvar med søknad.
4. Der terreng og grunnforhold ligg til rette for det, skal avløpsvatn leiast gjennom lausmassar før utslepp til sjøve fjorden.
5. Boreslam skal deponerast slik at vassdraget ikkje blir ureina, og det skal sikrast mot flom og utvasking. Dersom slammet er ureina må det leverast til godkjent mottakar av ureina masser.
6. Tiltaket skal gjennomførast slik at det ikkje oppstår unødige ulemper for andre brukarinteresser i området. Tiltakshavar skal straks stogge arbeidet og melde frå til fylkesmannen dersom det oppstår ulempe/skade som følgje av arbeidet.
7. Det skal utarbeidast ein sluttrapport der resultat av arbeidet blir presentert og vurdert i høve til dei vilkåra som er sett i løyvet. Rapporten skal m.a. innehalde:
 - Opplysningar om kor mykje massar som faktisk vart dumpa (rekna i m³ eller tonn).

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

- Plassering av massane (posisjon)
- Omtale om korleis arbeidet er gjennomført med særskilt omtale av ev. avvik i høve til plan/søknad med grunngeving

Rapporten skal sendast fylkesmannen seinast 6 veker etter at arbeidet er avslutta.

Søknaden har vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i tida 15.mai til 5.juni. Det har ikkje komme inn merknader til søknaden.

Grunngeving for avgjerda

Småkraft AS har søkt Fylkesmannen om løyve til dumping av 49 000 m³ sprengstein og til utslepp av 30 000 m³ borevatn ved Lidal i Sogndal kommune. Arbeidet er planlagt å utføre om vinteren for å redusere faren for eutrofiering som ein følgje av tilførsel av nitrogen frå sprengstoffrestar. Massane skal dumpast frå land og arbeidet er planlagt å ta 9 månader.

Søknaden inneheld analyseresultat av sediment frå omsøkt dumpingsområde. Prøvetaking og analyse av botnmassar viser PAH-forbindelsar benzo(ghi)perylene i tilstandsklasse IV (dårleg). Søkjar har vurdert potensiell risiko for spreiding av ureining ved å sjå på berekningar av oppvirvla materiale og kor mykje ureining som kan komme frå porevatn. Konklusjon er at spreiding av PAH-forbindelsar er liten og volumet som dagleg blir påverka av konsentrasjonar over PNEC-kronisk er lågt. Søkjar vurderer ut i frå dette at det ikkje er behov for tiltak for å redusere spreiding av ureining.

I søknaden er andre alternativ enn dumping av massane i fjorden vurdert. For tiltak ved Lidal er det ikkje vegforbindelse som gjer det mogeleg å transportere bort sprengsteinmassane. Å deponere massane på land vil vere i strid med vilkår i konsesjonen frå Norge vassdrags- og energidirektorat (NVE) om at det skal vere minimalt med synlege inngrep i terrenget. Søkjar er heller ikkje kjent med framtidige byggetiltak som kan nyttiggjere seg sprengsteinmassane.

Eit kvart utslepp av ureining til fjorden er i utgangspunktet uheldig, anten det er snakk om steinpartiklar eller sprengstoffrestar. For å få best mogeleg utskiljing av partiklar, er det føresett at borevatn vert forsøkt filtrert i lausmassar før utslepp til resipient. Ein vil då kunne oppnå betre fjerning av dei minste partiklane. Fylkesmannen gjer merksam på at for oljehaldig avløpsvatn er det reinsekrav med bruk av eige sandfang og oljeutskiljar før utslepp. Konsentrasjon av olje i avløpsvatn er 50 mg/l ved maksimal vassmengd. Fylkesmannen tek atterhald om at det kan bli kravd ytterlegare tiltak om dette skulle vise seg nødvendig. Ein viktig føresetnad er elles at det vert god drift og oppfølging av anlegget og utsleppsstad for borevatn.

Dumping i ureina sediment frå land må vurderast av Fylkesmannen etter ureiningslova. Ut i frå opplysningar som er gitt i søknaden, finn Fylkesmannen at det kan gjevast løyve på visse vilkår til tiltaket slik det er søkt om.

Varsel om gebyr for sakshandsaming

Etter ureiningsforskrifta kap. 39, skal det betalast gebyr til statskassa for fylkesmannen sin behandling av søknader etter ureiningslova og forskrifter til denne.

På grunnlag av opplysningane som er gitt, er behandlinga av søknaden plassert under gebyrsats 4, jf. §§ 39-3 og 39-4 i forskrifta. Det vil i utgangspunktet seie kr 20 100,-. Av di vi vurderer ressursbruken i denne saka å vere liten, blir gebyret redusert til 50% av dette, dvs. kr 10 050,-.

Dersom vi ikkje mottek merknad på varselet, vil vi fatte vedtak om gebyr. Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet (Klif). Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert. Løyvehavar må pårekne nye gebyr for eventuell framtidig søknad om endring av løyvet, og for kontrollar utført av fylkesmannen.

Endring eller attendekalling av løyvet

Fylkesmannen kan gjere om eller setje nye vilkår for løyvet, ev. òg trekkje løyvet attende etter reglane i § 18 i ureiningslova.

Ansvar

Sjølv om løyve er gjeve, pliktar den ansvarlege å svare erstatning som måtte følgje av ureiningslova og av vanlege erstatningsreglar, jf. kapittel 8 og 10 i ureiningslova. Dette løyvet frittek ikkje søkjaren å hente inn nødvendige løyve eller samtykkje frå andre styresmakter eller private.

Offentleggjing av løyvet

Ålmenta skal gjerast kjent med vedtaket, jf. § 36-11 i ureiningsforskrifta; kap. 36 «*behandling av tillatelse etter forurensningsloven*». Vedtaket vert kunngjort offentleg for dykka rekning. Kunngjinga vil innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket.

Om klageretten

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan 3 veker etter at avgjerda er motteken, jf. forvaltningslova § 29. Klageretten gjeld òg vedtak om gebyr for saksbehandlinga, jf. § 41-5 i ureiningsforskrifta.

Eventuell klage bør grunngjevast skriftleg og skal rettast til Klif. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Med helsing

Gøsta Hagnlund
assisterende fylkesmiljøvernssjef

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
overingeniør

Kopi pr. e-post/EDU: Sogndal kommune